



# Bygdabladet

for BOKN



Luciafest – les meir s. 3



Militærjeep til hygge og nytte  
Les meir s. 4



Sundagsskulen er starta opp att  
Les meir s. 5



# RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Kvart år etterspør fleire kalender med motiv frå Bokn, og med denne utgåva av Bygdabladet ligg det vedlagt ein slik kalender – "Boknakalendaren 2008".

Kalendaren er ei gáve til alle abonnentane våre og inneheld både nye og gamle motiv frå Bokn, med litt tekst knytt til kvart motiv. Kalendaren ligg også for sal på servicetorget. Ein har eit ynskje om å gje ut ein slik kalender kvart år, til glede for alle som har ei tilkytning til, eller forhold til, kommunen. Utfordringa til alle lesarane våre er å bidra med bileter til 2009-kalendaren. Det er nok av flotte motiv å velga frå kommunen vår, og ein står fritt til å knipsa det ein måtte ynskja.

## Budsjett

Desember er budsjett-månaden i dei fleste kommunar, og kommunestyret i Bokn handsama og vedtok budsjett for 2008 tysdag 18.12.07. Budsjettet som er vedteke er stramt, det er m.a. ikkje lagt opp til større investeringsprosjekt i 2007, dette som fylgje av at kommunen har høg lånegjeld, om lag 42 millionar kroner per oktober 07. Det er løyvt midler m.a. til utviding av barnehagekapasiteten, oppstart av bygdeboka og til gjennomføring av IKT-planen for skulen, for å nemna noko.

I forhold til budsjett for 2007 er auken i frie inntekter for Bokn i 2008 berekna til om lag 2,4 millionar kroner, eller om lag 6,9 %. Til samanlikning er den samla, nominelle veksten for dei andre Rogalandskommunane 4,2 %.

## Kriminalstatistikk

Formannskapet hadde besök av den nye politimeistaren i distriktet, Kaare Songstad, tysdag 11.12.07. Han har fungert som politimeister i om lag eitt år og har i haust besøkt alle kommunane i politidistriket. Saman med lensmannen i Tysvær, Racin Tjøsvoll og politistasjonssjef Johan Sortland, ga han ei orientering om kriminalitetsbiletet i Bokn.

I løpet av 2007 blei det registrert 45 kriminelle forhold i kommunen, halvparten av desse var trafikklovbrøt, for det meste fartsbrot med førarkortbeslag på E39. Resten av lovbrota fordelte seg på m.a. innbrot og nokre tilfelle av grove tjuveri. Med andre ord har ein ikkje noko omfattande kriminalitetsbilete i Bokn.

I distriket elles har det vore ein generell nedgang i kriminaliteten og dette skuldast, i fylgje politimeistaren, gode tider i det norske samfunnet – "heleribransjen" har mista grep pga. folk flest ikkje kjøper tjuvegods sidan varene innan dette segmentet er billege og lønningane høge.

## God jul

Julehøgtida står for døra og for dei fleste blir dette eit viktig avbrekk frå tidsklemma som mange føler på kroppen i form av tidsfrister som skal overhaldast, jobb, levering av barn i barnehage, innkjøp, planlegging av middag, fotballtrening og mykje meir. Bruk julehøgtida til det ho er meint for; legg vekk eventuelle bekymringar, kos deg med familien og dei som betyr noko for deg, slapp av og la julefreden synke inn over deg. Gled deg over at sola snur den 22. desember – det går mot lysare tider!

Eg vil ynskja alle lesarane våre ei god og fredeleg jul og eit godt nytt år.

Ordføraren



Politimeister Kaare Songstad orienterte formannskapet om kriminalitetsbiletet i Bokn.  
Foto: Kyrre Lindanger

# Luciafest og korpsmusikk

Kjetil Hamre

Festen startet allerede før den hadde begynt. Store og små ventet tålmodig utenfor gymsalen mens korps og lucia gjorde seg klare. Drøset gikk lett og forventningene var til å ta og føle på.

I gymsalen var det dekket med små bord med plass til alle sammen. Lyset ble slukket og 15 luciaer kom inn med levende lys. Meget stemningsfullt og sterkt var inntrykket de gav oss. En flott start på det som skulle bli en fin kveld.



Her kjem Luciatoget inn i gymsalen

Etter at luciaene var ferdige, hadde Bokn brass og skulekorpsen en økt med sanger. Høsten var tydeligvis brukt godt til øving og velklangen fylte salen.

Vi fikk høre: St. Lucia, Marys boychild, Nå tennes tusen julelys, Et barn er født i Betlehem og Deilig er den himmel blå.

Det sto også et annet musikkinnslag på programmet. Med trekkspill og fele som følge til god gammel sang. ble stemningen holdt ved like til maten kom på bordet.

Vi fikk servert smørbrød, brus og kaffe. Spørrekonkurranse med premie hører også til.



Song og musikk laga god stemning.

Etter maten var det aspirantenes tur. De hadde øvet i hele høst men var nervøse før de gikk på senen. De hadde ingenting å frykte og klarte seg veldig bra. Det gror i Bokns musikksjel!

Vi fikk nok en økt med trekkspill, fele og sang før det hele ble avsluttet med blomsterutdeling og allsang.

Korpset har all ære av arrangementet som gikk knirkefritt ut fra mitt ståsted. En hyggelig stund jeg gjerne gjentar neste år!



Takk til aspirantane!



Bokn Brass og Skulekorps dirigert av Lillian Grønnestad

# Militærjeep til hygge og nytte

Reidar Alvestad

**Interesse for veterankjøretøy var ikkje den einaste grunnen til at Vidar Grønnestad kjøpte seg ein militær jeep i sommar. Han synes også det er ein viktig bit av norgeshistoria å ha eit slikt kjøretøy, likar å få det i god stand, og så gjer det nytte for seg i ulendt terreng.**



Vidar Grønnestad utanfor førarsida.  
Merk spade og øks som er fast fylgje som høyrer  
med til utstyret på jeepen

## Til Norge i 1954

Jeeopen kjøpte han hos ein privatperson i Gjøvik. Prisen røper han ikkje, men seier at desse bilane kostar mellom kr. 40.000—90.000.

I det heile vart det produsert til saman rundt 625.000 eksemplar av desse jeepene i åra 1941—1945. Bilane vart produsert i USA, og hadde ei forventa levetid på

60—90 dagar før ein rekna med at dei var sundkjørte eller sprengde. Det var først Ford som produserte bilane under merket Ford GPW. Til saman vart det 277.000. For å få mange nok, måtte ein annan produsent produsera ytterlegare 348.000 eksemplar. Desse fekk merket Willy's.

Den bilen Vidar har, er produsert i 1943, og har tehestegjort i Normandie. Etter det vart han overholt i England. I Norge vart han stasjonert på Heistadmoen frå 1954 fram til 1986, då han vart solgt til ein privatperson på auksjon. Som mykje anna som kom frå USA rett etter 2. verdskrigen, var jeepen ein del av den såkalla Marshall-hjelpa.

## Til glede og nytte

På vinterstid brukar Vidar såkalla Norsk Vintertopp på jeepen. Om sommaren kjører han utan topp, eller ein US Sommartopp. Det tålest litt regn i bilen.

Vidar fortel at han brukar bilen i ulendt terreng, nesten som ein sauhest. Elles kan ein seia det er eit leikety. Men bilen krev ikkje all verden med vedlikehald, og det finns delelager til denne biltypen på Ålgård. Elles er det ein klubb på Austlandet for historiske militærkjøretøy som har delelager. Farten kan koma opp i 70 km på vegen, men det er også toppfart.

## Betre enn ein Sydentur

Nokre kan synast at det er betre ting å leggja pengar i enn ein slik militærjeep. Til det seier berre Vidar at han heller vil ha denne jeepen enn ein Sydentur. For jeepen kan han selja og få att meir enn han ga. Og så har han så mykje glede av å utforska jeepen og historia rundt han.

# Treningsstevne ved sesongslutt

Kari Christensen

Ryttere fra både Haugesund, Tysvær og Bokn deltok på treningsstevne ved høstens sesongslutt på Kro-vågen Hestesenter 17. november.

Deltakerne startet i et allsidig oppsatt program, og viste gode prestasjoner i både dressur, sprang, gangarter og kjøring.

**På bildet, noen av deltakerne. Fra venstre, på hesteryggen: Janne Helen Skogøy, Tonje Gregersen, Stine Hettervik, Ada Halseid, Yvonne Gregersen, Marianne Bringedal, Charlotte Kjellesvik, Irene Kro, Ida Grønnestad og Amalie Våga. (Foto: Arthur Halseid).**



# Sundagsskulen er starta opp att

Reidar Alvestad

Fleire ivrige personar har starta opp sundagsskulen igjen. Sundag den 9. desember var det sundagsskule for andre gong i år på bedehuset på Austre Bokn.



Barna på sundagsskulen er samla i halvsirkel

## Mange medhjelparar

Denne sundagen frå kl. 10.30 var det heile sju vaksne som var med som medhjelparar. Dette inkluderer forældre. Veteranane Solveig og Leiv Våga pluss Ingunn Are har drive sundagsskule tidlegare, og er gode medspelarar for Lillian Grønnestad og Daghild Alvestad som nå syntes det var på tide at sundagsskulen starta opp att.

Dei drøfta dette i soknerådet som dei begge er medlemmer av, og bestemte seg for å prøva på nytt annakvar sundag. Neste gong blir over nyttår. Det er 2 år sidan det sit var fast sundagsskule her.



Flanellografen er framleis eit fast innslag på sundagsskulen

## God hjelp i oppstarten

Utanom den menneskelege ressursen som hjelper til, er det også kome tilskot og materiell frå Norsk Søndagsskoleforbund. Her har dei fått forslag til program som dei kan bruka alt eller deler av. Dei gjer bruk av tilsendt CD med songar og liknande som hjelper til med å få sundagsskulen til å fungera betre.

Denne sundagen var det 10 barn til stades på sundagsskulen. Dataane for sundagsskulen vil stå i kulturkalenderen. Det såg ut til at ungane kosa seg, og det er berre å møta opp. Alle er velkomne.

# Juleavslutning

Liv Birknes

Lørdag 1. desember hadde Hegren Sportsdanseklubb sesongavslutning i gymsalen. Ca 80 personar hadde møtt fram til ein festpynta sal, og fleire av dei unge dansarane hadde fått med seg både slekt og venner denne dagen. Etter at leiaren i klubben, Linda Ognøy, hadde ønskt velkommen, vart programmet stort sett styrt av Wendy Riber, danselærar og inspirator. Sidan Wendy er engelsk, var programmet preg av både norske og engelske tradisjonar, her var "Lucky Dip" for dei minste, forskjellige leikar, og til slutt kom nissen. Programmet var delt i to, med innlagt pause for mat-og loddosal, og danseoppvisning før og etter.

Dei 12 para dansa i to grupper, barn 1, 6-12 år, i ei gruppe, – og juniorpar, 13-16 år, i den andre gruppa. Dei veksla på å danse latin: samba og cha cha cha, - og standarddansane vals og quickstep, og dei eldste para dansa også tango.

Det er kjekt å sjå slik dansegledede og rytmesans, og verkeleg eit flott tilskudd til fritidstilbodet i Bokn. Dansekallen har fått i oppdrag å vere med på å presentere Rogaland i paraden fror Kulturbry 2008 i Stavanger 12. januar, og er begynt å øve seg på bl.a. salsa.

Dei viste litt av det dei alt har lært, men det kjem nok til å bli ein god del øving på dette framover. I paraden skal alle ha spesialsydde kostymer frå England, og me reknar med at også bygda får sjå dette innslaget ved eit seinare høve.

Det heile vart avslutt med overrekking av blomster til Wendy og Linda, før loddtrekking med mange fine gevinstar.

# Frå arkivet

Bygdabladet har leita fram eindel stoff frå det kommunale fjernarkivet. Me har plukka ut eit utval som me presenterer her.

## Budsjettframlegg for Bokn gamleheim for året 1952-53

### Utgifter:

|                            |             |
|----------------------------|-------------|
| Løn til styrarinna         | kr. 4.800,- |
| Gjenteløn                  | kr. 2.400,- |
| Feriepenger og ekstrahjelp | kr. 1.500,- |
| Brenne og lys              | kr. 2.300,- |
| Kosthald for 8 personar    | kr. 9.640,- |
| Klær og skor               | kr. 600,-   |
| Gravferdsutgifter          | kr. 500,-   |
| Doktor og medesin          | kr. 300,-   |
| Brandtrygging              | kr. 30,-    |
| Tilfallande utgifter       | kr. 800,-   |

### Vøling- og reperasjonsutgifter:

|                      |           |
|----------------------|-----------|
| Utløpsvask i 11 høgd | kr. 200,- |
| Oppvaskekumme        | kr. 200,- |
| Fliser i bislaget    | kr. 400,- |
| Parafinkogar         | kr. 150,- |
| Telefon              | kr. 500,- |
|                      | 1.450,-   |
|                      | 24.320,-  |

### Inntekter:

|                            |             |
|----------------------------|-------------|
| Alderstrygd for 3 personar | kr. 3.060,- |
| Betaling for 3 personar    | kr. 2.880,- |
| Netto utgift               | 18.380,-    |

Rett utskrift frå møte i gamleheimsstyre den 27/5-52

Jens J. Vatnaland  
Formann

## Forhandlingsprotokoll frå Bukkens skulestyre 1887 – 1922.

År 1911 den 23 desember avholdtes etter lovlig bekjentgjørelse skulestyremøte i henhold til skolelovens § 37. Skulestyredirektøren var underrettet om møtet. Kommunens lærere og undertegnede medlemmer av skulestyret var tilstede. Følgende forhandledes:

Sak 1. Det meddeles at der paa møte den besluttede avholdte forsettelsesskole var avholdt i 12 uker og avsluttet den 22/12. Læreren ved forsættelsesskolen som var tilstede paa møte uttalte b.a at det hadde voldt vanskeligheter med den nye rettskrivning, da elverne var indøvet i den gamle i folkeskolen.

I anledning herav utspandt en lenger samtale om hvorvidt den nye rettskrivning eller landsmålet burde brukes som hovedmaal i Bokn folkeskole. Der var enighet om at man ikkje lenger kunde fastholde den ældre riksmålrettskrivning da fleire av lærebøkerne nu har ny riksmålsrettskrivning.

Sak 2. Refereret skrivelse frå Stavanger amtslærerforening angaaende opprettelse av vikarkasser for landslærere. Der uttaltes at når en lærer er pliktig til at stå som medlem av de opprette kredssykekasser var det mindre paakrevet at opprette vikarkasser for landslærer.

Sak 3. Referert skrivelse frå skoledirektøren i Kristiansand stift hvor spørges om der inden skolekommunen finnes døvt, blindt eller aandssvakt barn som ikkje tidligere er anmeldt. Det opplyses at der i Bokn skolekommune ikkje er blindt, døvt eller aandsvakt barn som ikkje tidligere er anmeldt.

Protokoll opplest. Møte hevet.

## Møtebok frå Bokn skulestyre 1922 – 1939.

Aar 1925 den 2dre januar vert det halde skulestyre og lærarmøte på ungdomshuset. Underskrivne var tilstades.  
Det var fyre:

1. Val på lærarne sin målmann i skulestyret for 1925 – 1927.
2. Val på formann og varaformann for skulestyret for 1925.
3. Val på krinsformenner for året.
4. Det vart vedteke at skulene skal taka til den 12 januar i alle krinsane, ifall veret tillet det. Angåande reinhald og ovnsileggjing frå skulehusi i Søre og Nore krinsar verdt det pålagt krinsformennerne å ordna med på beste måte. På Auste Bokn blir det utført av dei same som året fyr.
5. Det vert gjeve melding um at skuleplanen som skulestyre vedtok på fyre møte er godkjent av yvertilsynet.
6. Spurdna frå krinssjukekassa um skulestyret har tilsett lærar på same vilkår at der etter skulestyre si meining ikkje er forsikringsplikt.
7. Det vert vedtat at skulestyret kjøper det skulemateriell som trengst til skulane, og at so lærarane i kvar sin krins sel det ut til borni for den pris som det kostar kommunen.

Møte slutt.



# Snøfnugget

Kjetil Hamre

Et lite snøfnugg tok fatt på reisen fra si modersky og ned til bakken. Mens det svevde fjørlett nedover tenkte det litt over sin skjebne. "Eg er vatn" tenkte det, "og kulde min far. Eg er skjør men vakker når eg legge meg på bakken som den mju-kaste dundyna og skjule alle spor".

Det dalte nedover og såg bakken komma nermare og nerma-re. "Eg vil landa i akebakken" tenkte det. Å leka med ongane heile dagen var ein fristande tanke. Men skjebnen spelte fnugget ett puss. Ett vindpust kom og tok tak i fnugget og blåste det sørover. Snøfnugget kunne ikkje annet enn å vera med pusten te vinden.

Ein skog dukka opp og vinden la seg. Snøfnugget fortsatte sin ferd mot bakken, men her var dårlig med landingsplass og barn. I toppen av ei gran landa det og slo seg til ro. Det sukka. "Ingen akebrett vil skli øve meg og kitla meg på ryggen" tenkte det. "Eg vil aldri bli ein snøball som fyke gjennom loftå for å finna ein ubeskytta nakke. Ikkje får eg bli ei snølykt så lyse i mørket. ingen snømann med gulrotnase".

Fnugget sukka mens solå gjekk ned og nattekulden kom si-gande. "Eg e bare ein bland mange nå", tenkte det. "Her ligge me til ingen nytte og glede og snart komme vel varmen og smelte meg vekk også". Det tenkte litt på sin skjebne og syntes synd på seg sjølv.

Morgen kom, det var kaldt og snøen knirkte onna hoven til ein hjort. Snøfnugget såg seg rundt. Det var ein vakker skog, det måtte innrømma det. Trærne sto med bøyde greiner, men rake stamme. Plutselig hørte fnugget et smell og treet begynnte å rista.

Fnugget klamra seg fast i toppen av treet. Smell etter smell kom og treet bagynnta å dirra der det sto. "Ka skjer?" tenkte fnugget. Det fekk aldri svar for akkurat då falt treet over ende. Fnugget klarte så vidt det var å holda seg fast.

Då såg fnugget at det sto ein mann og to barn ved treet. "Dette blir fint" hørte det mannen sa, me får få det i hus å pynta det i kveld barn.

Mannen tok tak i stammen av treet og slepte det med seg. Utenfor et stuevindu sto treet med fnugget i toppen. Mørket senka seg og mannen kom ut og henta treet. Inn i stuå ble det satt i fot og esker med juletrepnyt ble funnet. Fnugget begynte å svetta. I stuå brant det godt i ein peis og varmen strålte ut i rommet.

Mens snøfnugget satt der i toppen pynta barna treet. De sang og lo. Hengte på kuler og glitter. "Jaja", tenkte fnugget, "eg fekk i alle fall hørra barnalatter før mi tid er over". Det dryppet ned mot stuegolvet og smelta helt vekk.



# Om å trø torv og litt til

Sigvart Våga

For det skoglause kystlandskapet var torv i lange tider det viktigaste brenselet. Det vart nytta, ikkje berre i husa, men også i industrien. På Jæren var det mykje torvmyr, og det vart seld mykje både til Sandnes og Stavanger. Sandnes Teglverk t.d. brukte mykje torv, over 1000 lass i året. Me kan sjå av rekneskapen for 1866 at dei det året hadde kjøpt 1173 lass torv for 341 spesiedalar.

Her i Bokn er det bra med torvmyr på Vestre Bokn, men mest ikkje på Austre. Korleis ordna dei seg då?

For sjølv om lyng og brake gjerne var det beste i komfyren og under bakstehella, måtte der torv til i omnene for å få det lunt i stova. Nord på øya spadde dei såkalla bassa i Skolbuholmane. Det er til å få det tunne jordlaget av berget og dele det opp. I søre enden, i Våga hadde dei ikkje bassa eingong. Nokre fekk spa på Vestre Bokn, og nokre måtte gjerne kjøpe. Og det var ikkje langt for å få tak i det. Gardane på Falkeid selde mykje torv. I matrikkelen frå 1863 er salg av torv rekna inn i verdien av bruken, dei selde årleg for 18 dalar. For den garden i Våga som frå tidleg på 1800 talet hadde Nautøy, spadde dei sjølvsagt der, då der er ei bra myr. Me veit at andre òg av og til spadde der.

Kvar dei enn fekk det frå, måtte det fraktast i båt. Og den beste plassen å ta det på land og gjerne legggje det ei stund, var sjøen på sørsida. Derfor fekk det namnet Torvberget, som det heiter den dag i dag. Så over til mi tid i torvmyra, den er jo litt spesiell samanlikna med mesteparten av torvmyratbeidet i Bokn. På Vestre Bokn hadde dei myra landfast.

Me måtte i båt, sjølv om veret var stilt og fint om morgonen, vart det gjerne frisk nordavind på ettermiddagen. Torvmyra var ei vinne for seg mellom vårvinna og slåtten. Men der var nå andre ting og, ugraset vaks og måtte fjernast, og sauene måtte klyppast.

Myra på Nautøy ligg sers lågt og er derfor lite nedbraten og omdanna, så der kan torvet skjerast ut med ein krass spade. Og er stift nok til å verta bore på greip. For det måtte jo berast på ein lunare stad. Far spadde, tjenestejenta, Bjørg syster mi og eg bar.

Seinare måtte det "krekkast" d.v.s. å setje to torver mot einannan og ei flat på toppen. Til slutt måtte det murast opp i "pjug" eller "røyk". Det var som små vardar. Til slutt måtte det i sekker, berast til sjøen og fraktast heim.

Me hadde jutesekker nok, så me slapp tøme det i båten, slik som i oldefar si tid då dei bar i kasse. Det var eit veldig rikt fugleliv på øya den gong. Det var midt i hekketida og med kunne gjerne ta små fugleungar å klappe.

Etterkvart i krigstida vart det svært vanskeleg med bensin, og me måtte helst ro. Det tek mest ein time å ro til Nautøy.

I krigstida auka interessa for torv, og myrå på Nautøy nærma seg oppbrukt. Det var då dei kom til å tenkje på Brattholmen. Midt oppe på holmen er det ei relativt stor myr. Me hadde ikkje hørt noko om torvskurd

der, og kunne heller ikkje sjå noko merke til det. Holmen høyrde jo fram til 1913 til Falkeid, og der hadde dei rikeleg med torv heime rundt tuna.

Så her starta me på "jomfrueleg" torvmyr. Det er neppe så mange nålevande som har vore med på det. Dei fleste myrane har vore brukt lenge.

Far min åtte holmen i lag med broren som budde i Kro. Dei var og i mangel på torv. Og så var det gamle læraren vår, Trælhaug som var med på denne ekspedisjonen. Myra på Brattholmen er altfor blaut til å skjera torva ut med spade. Den måtte reiast, det er jo det vanlege og. Me hadde ikkje nokon reiemaskin, heller ikkje erfaring eller tradisjon for slikt. Så var det korleis ein skulle få det til å reie. Ein kom til at det måtte ein stor kasse til. Det vart til at dei bar opp ei kjerre, ei vanleg hevdakjerre, sjølvsagt utan hjul. Det kunne vel gått med å skufle sorpa rundt, nett som me reier betong med handemakt. Men enden på det vart at det beste var å trø.

Det var veldig tungt, og det viste seg at den einaste som var i stand til dette i lengda var den gamle læraren på 59 år. Guttorm var ein utruleg sterk og uthalden arbeidskar. I ungdommen gjekk han til Telemark i sumarferien. "Der er ingen som slites bort, dei rustar bort", sa han av og til.

Så var det i gong, far og onkel Johannes heiv sorpe opp i kjerra, Trahaug trødde. Heine, son til Trahaug 21 år, kjørde den reidde massen bort i ei båre. Hadde oppi ei form som låg på bakken, den laga 6 torver om gongen. Men den måtte flyttast, tas forsiktig rett opp, og leggast ned rett ved sida av for ny forsyning. Det var Arne i Kro og eg som hadde det arbeidet. Eg var 9 år og Arne berre 6. Det var lett arbeid, men heile dagen.

Eg kan ikkje hugse at me hadde avløysing, men det hadde me vel, for det var fleire med. Ei god matøkt høyrer med. Det er ei gild stund med god niste og godt ver. Gjerne litt ekstra godbit. Eg hugsar enno den nyrøykte laksen.

"Maten er for mannen, det same som bensin for motoren", sa Trahaug når han sette seg ned i lyngen.

Om hausten når torvet var turt, måtte det jo heim. Det var langt til sjøen og langt å gå. Ein sekk med harde firkanta torver er heller ikkje så godt på ryggen. For Brattholmen torvet var hardt som stein. Det var eit veldig godt brenne som gav mykje varme.

Kva skulle me så gjere, jau der er eit bratt brot i stykke vest for myra, ein bra lendeplass for båten i vika nedanfor. Svaret vart derfor "løypestreng", ein tjukk ståltråd strekt frå båten og ned til sjøen, godt festa i begge endar. Og ein stor knekk under i øvre enden slik at ein kunne få hengja sekkene på. Så skulle vidunderet takast i bruk. Far gjekk med motorbåten til den nedre enden, og me andre var oppe og skulle sleppe sekkene. To om gongen som hang på ein stor "slaktekrok". Strengen var altfor bratt. Farten vart eventyrlig. Når far såg den ville farten, la han seg ned i båten, attunder esinga. Sekkene traff berget

med så stor kraft at dei slo seg i filler og alt torvet fauk utover sjøen.

Trahaug kremta: "her lyt det bremse til."

Neste dag var bremsa på plass. Det var ein rull som snurra til å hale opp att kroken som var lagt rundt. Så vart ein planke sett fast med ein bolt i eine enden til det stativet som var. Og ved å trykkja andre enden ned, vart det trykk på rullen og det var ei effektiv bremse. Ein kunne styre farten som ein ville. Eg vart utnevnt av Trahaug til "bremsesjef". Det var helst ein stor og ansvarsfull stilling for ein 9 åring. Det gjekk fint, eg meistra faktisk dette. Kontaktflaten mellom rullen og planken utvikla mykje varme, og vart etter kvart nokså brende.

Eg tykkjer enno eg ser den blå flammen som freste ut.



Lærar Knudsen med elevar i torvmyra på Hognaland 1943

F.v: Jens M. Are, Trygve Knudsen, Jens J. Are, Magne Are, Berta Are og Liv Vatnaland

## Julegilde hjå haugfolket på Boknaberg

Birger Lindanger

### Legdekonene fortalte

Elisæus Vatnaland samla inn mykje som blei fortalt på folkemunne i Bokn på 1800-talet. Etter som han skriv, var det gamle legdekonene som var flinke til å formidla slikt vidare i dei heimane dei kom til medan far til Elisæus var liten. Og dette stoffet var det så Elisæus noterte. Lars, far til Elisæus, var født i 1851, og desse legdefolka kan såleis verda fødde eit godt stykke tilbake på 1700-talet. Det dei fortalte, kan difor godt vera slikt som skriv seg frå 1700-talet eller kanskje endå lenger tilbake.

### Ikkje flytt løa!

Det hadde seg slik at ein bonde på Boknaberg, eg meiner han heitte Gunnar, fann ut at han trøng ei ny løe. Den gamle løa sto på den eldgamle løetuften slik løene hadde stått så langt folk visste å fortelja. Men nå ville han flytta løa rundt 50 meter lenger vest, meir opp mot Boknabergsfjellet. Det heldt til seks bønder i klyngetunet på Boknaberg og husa til dei ulike brukena sto så tett at ein kunne pissa frå hus til hus, som det blei sagt. Til saman låg her 35 – 40 bygningar, mest som ein liten landsby.

Han fekk heim materiala og utpå hausten gjorde han klar for flytting. Ein kveld han dreiv og reiv den gamle løa, kom ein liten, gråkledd kar bort og nappa han i trøya, om han verkeleg tenkte å flytta løa frå dei gamle, hevdvunne løetuftene.

### Haugfolket inviterer til julefest

Ja, svara Gunnar, det var ikkje råd for anna. Snart var han ferdig og hadde flytta buskapen inn i den nye løe. Ein kveld rett før jul sto han og beundra verket. Då kom den gråkledde på ny bort til han og spurde om han ikkje kunne flytta løa tilbake. På ny nekta Gunnar. Den gråkledde spurde då om ikkje Gunnar kunne koma i julegilde hjå han i haugen hans. Jo, det kunne

ikkje Gunnar motsetja seg. Han var forviten på koss haugkallen hadde det.

Ei tid etter kom haugkallen for tredje gongen til Gunnar. Nå var tida inne, det var stelt til julefest og nå ville han ha Gunnar med seg inn i haugen. Gunnar vart med inn i haugen. Der inne fekk han vera med inn i sjølve storstova som var gildt opplyst. Det var dekka til eit flott bord og dekketøyet var av skiraste sylv.

### Ein merkeleg saus

Så benka han og huslyden til haugkallen seg kring bordet. Det vart skål for godt år i heimelaga øl og snart kom det fram eit stort sylvfat med den gildaste smørgrauten som var å tenkja seg. Gunnar fann fram skeia si og dei tok til å eta, kvar frå kvar sin kant. Grauten var feit og den beste Gunnar hadde smaka. Men så blei han var noko brunt som låg som ein saus på grauten. Han kikka opp i taket og såg at det draup stadig meir ned.

Haugkallen såg dette. "Det som renn frå taket, er mig (piss) frå krettura dine i den nye fjosen", forklara han.

Då forsto Gunnar at han laut flytta løa tilbake dit ho alltid hadde stått. Han starta arbeidet med riving, fylling og oppattbygging – og då var det mest som alt gjekk av seg sjølv.

Sidan har det alltid fylgd velstand med folka på Gunnarsbruket som i dag har bruksnummer 12.

# Kulturkalenderen

**Desember**

21. Julekonsert i Bokn kyrkje kl. 19.00, arr. Sokne-rådet  
 24. Gudsteneste kl. 14.00  
 26. Gudsteneste kl. 11.00  
 28. Juletrefest på Bedehuset kl. 19.00  
 Arr.: Frelsesarmeens og bedehusstyret  
 31. Gudsteneste kl. 16.00

**Januar 2008**

07. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30  
 13. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset  
 13. Møte Karmsund ABR-Senter kl. 19.30 på bedehuset  
 20. Bingo på skulen kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps  
 21. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30  
 24. Møte, NMS kl. 19.30 på bedehuset  
 27. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset  
 28. Møte, NMS kl. 19.30 på bedehuset

**Februar**

04. Bibellesing kl. 19.30 på bedehuset  
 10. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset  
 13. Møte, Israelmisjon kl. 19.30 på bedehuset  
 18. Bibellesing kl. 19.30 på bedehuset  
 24. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset  
 24. Bingo på skulen kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps  
 24. Årsmøte for Bokn bedehus kl. 19.00  
 25. Årsmøte i Bokn musikkorps kl. 18.00  
 26. Speidarbasaren på bedehuset kl. 18.00

**Mars**

03. Bibellesing kl. 19.30 på bedehuset  
 5.-7. Møter på bedehuset - Den Indre Sjømannsmisj. 19.30  
 09. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30  
 09. Møte på bedehuset, Den Indre Sjømannsmisj. 19.30  
 20. Påskemåltid - Frelsesarmeens kl. 19.00, bedehuset  
 30. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset  
 30. Bingo på skulen kl. 16.00, Bokn musikkorps  
 30. Møte, Karmsund ABR-senter kl. 19.30, bedehuset  
 31. Bibellesing kl. 19.30 på bedehuset

**April**

- 5.-6. Seminarhelg Bokn musikkorps på skulen  
 06. Møte NMS på bedehuset kl. 19.30  
 10. Kontaktmøte for bedehuset kl. 18.00  
 12.-13. Seminarhelg Bokn musikkorps på skulen  
 13. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset  
 13. Møte—Normisjon kl. 19.30 på bedehuset  
 14. Bibellesing kl. 19.30 på bedehuset  
 20. Vårkonsert Bokn musikkorps på skulen  
 28. Bibellesing kl. 19.30 på bedehuset

**Mai**

01. Møte - Frelsesarmeens kl. 19.00 på bedehuset  
 04. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset  
 18. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset  
 18. Møte - Misjonssambandet kl. 19.30 på bedehuset  
 25. Sundagsskulen deltar i gudsteneste i Loten kl. 11.00

**Juni**

08. Sundagsskule - avslutning før sumaren kl. 10.30  
 08. Møte - Gideon kl. 19.30 på bedehuset



## GYMSALTIMEPLAN, KVELD - OPPDATERT NOV. 2007

| DAG     | AKTIVITET   | KLOKKESLETT  | ANSVARLEG   |
|---------|---|--|---|
